

readme

Data- og komtekststudentenes egen avis 2012

Utgave

03

Studie- & eksamenblikk
– side 12 til 13

Freidig vårflørt
– side 14 og 15

readme er utgitt med støtte fra abakus linjeforening ved ntnu. avisa er gratis og blir i hovedsak lest av studenter ved data og komtek.

14. årgang nr. 3, 2012

REDAKSJON

ANSVARLIG REDAKTØR
tomas albertsen fagerbekk

LAYOUT
jørgen flo
jørgen grimnes
christopher tannum

ØKONOMI
christopher tannum

WEB
jørgen grimnes


JOURNALISTER
tomas albertsen fagerbekk
einar johan trøan sømåen
jørgen kjeldstad grimnes
øyvind stette haarberg
jørund borge fagerjord
johanne birgitte linde
odd magnus trondrud
hans henrik grønsleth
anders wold eldhuset
christopher tannum
jean niklas l'orange
patrick skjennum
helene tangen
siri holtnæs
jørgen flo

KONTAKT

E-POST
readme@abakus.no


ADRESSE
readme, abakus
sem sælandsvei 7-9
7491 trondheim

NETTUTGAVE
<http://readme.abakus.no>



Genfors og logoendring

side 4 til 7: artikler



XCom12 i Amerika!

side 8 og 9: artikkel



Scenen: De ekte piratene

side 20 til 23: artikkel

leiar

tomas albertsen fagerbekk

Eg vil presentere utgåva med eit lite dikt, (neeeeeii!)

eit stygt, rart og fælt, heilt utan hensikt.

men informativt, (nja)

og absorptivt (Rimer det eingong? Og kva betyr det uansett? At det sug meg inn i bladet? Hahl)

so generelt midt i readme sitt distrikt. (Vi gjer kva vi vil, og er stolt av kva enn det er)

På midtsidene, ein halvnaken mann,

Høg, sterk og manglar ein tann. (Nei, det gjer han ikkje, men kor saklig er eit limerick?)

Ein deilig kropp, (Dette har begynt å bli kleint allereie, har det ikkje?)

heng plakaten opp,

og hent eit handkle, for kjeften din kjem til å lekke vann (Knis)

Treng du tips til eksamen, (So klart gjer du det, ikkje prøv å lur deg sjølv)

bla til side 12 og rop amen.

eller ta ein pause

medan du les om Eriks fildelingsflause. (side 22)

Vi har også meir om den nye Abakus-reklamen (les: ny Abakus-logo)

Farvel og takk for tida som har gått. (Det her er mi siste utgåve før Oddemann tek over)

Eg håper ein latter eller to du har fått.

No kjem eit nytt ansikt,

eit fjes med djup innsikt, (god skjeggvekst iallefall)

som vil røyre ditt hjarte, og få sett deg grått.

Nikotinhelvetet



Kampen mot snus og tobakk stansar ikkje. Nasjonalt råd for tobakksforebygging vil ha eit totalforbud mot snus og EU har oppe et forslag om å forby smakstilsetningar i tobakk, noko som vil bety at omlag all snus – som allereie er ulovleg innanfor EU – vert ulovleg i den formen den er i dag også i Norge og Sverige. 10 pakningar av sigarettar vert ulovleg å selge og det er foreslått å innføre bevilgningsordning for å kunne selge tobakk, samt 20 års aldersgrense.

Tomas Albertsen Fagerbekk
Redaktør

Vi diggar bacon – på pannekake, pizza, med pasta eller til frokost med speilegg og kaffe. Etter å ha vore ute på byen, fell ein rullekebab eller sesamburger i særskilt god smak. Og kor deilig er det ikkje å ta ein kald cola i vårsola, eller ein pris skruff etter eit godt måltid? Desse tinga er blant våre små gleder i livet, og difor burde ein bruke utestemme når eit nasjonalt råd eller internasjonalt organ seier obskure ting som «Stol på meg, det er for ditt eige beste», medan dei tek dette frå deg. Kreftframkallande er visst både brusen, kaffen og baconet over, samt all mat du putter på grillen i sommar, stekt mat og sjølvaste sola. Røyk er også det, og det er liten grunn til å tru at snus ikkje skulle vere det. Men medan resten går glatt under radaren, er den statlege innsatsen i tobakkskampen stor.

I 2007 var avgiften på snus 60 kr per 100 gram. Same år fekk regjeringa dokument NOU 2007:8, ein rapport frå eit utval som vurderte særavgiftene i landet, herunder tobakksavgifta. Sidan den gang har avgiftane byksa til værs, og ligg no på 93 kr per 100 gram – ei solid auking. Kvifor? Det ville vere rimeleg å tru at utvalet som regjeringa satt ned i forkant var den utløysande årsaka til dette. Men nei. Eit flertall i utvalget anbefalte faktisk ingen endringaenr i tobakksavgiftene, og eit medlem tok også til tale for å senke avgiftane. Inntektane frå tobakksavgifter¹ er nemleg meir enn nok til å dekkje opp alle tobakksrelaterte helsekostnader, som er sjølv årsaka til avgiften. Faktisk so mykje meir at ein i tillegg til dette kan finansiere ein kontinuerlig bygging av 20 stk operahus med samme kostnadsramme som den i Bjørvika.

«Greit nok, staten tener pengar på dei som nyttar tobakk. Det er jo vanedannande, og ikkje bra for deg. Det er jo berre for felleskapets beste, sant? Dessuten har ein råd til det.» Eg twitchar litt av det belasta og overbrukte ordet avhengighet, medan eg innrømmer at jo, nyting har ein prislapp, og vi har råd til det. Ein utepils på solsiden kan vere stiv for lommeboka den óg. Javel, so er ikkje dei 20 milliardane i årlege tobakksavgiftsinntekter vel grunna. Og OK, staten vår sel kanskje ei litt vridd sannheit, eller grunnjer noko litt for tynt frå tid til anna. Skitt la gå, eg kan jo berre snu ryggen til og vende det døve øyret til, sant?

Men nei, det er ikkje slik. For eg kan ikkje få nyte min tobakk utan eit stigmatiserande blick under ei rynka panne. Foran meg ein feit capslock som seier at eg drep meg sjølv og alle mine vener, medan forsikringskalkulatoren aukar prisen med nært 50% idet eg haker av for «røyker». I statsbudsjettet for i år er det satt av 19 millioner for å propagere at eg og folk som meg sakte tek sjølv-mord gjennom å forgifte mi eiga kropp, som forøvrig er hesleg stygg, særleg på innsida. Eg lid visst av ein mental sjukdom, eller i beste fall berre er generelt mentalt svak. Men sannheita er at eg ikkje snyltar på statskassa, og at eg tek ingen liv. Eg er ikkje dårleg informert og viljestyrka mi er sterk. Alt eg vil er å søke lykke, og akkurat no er den globale tobakksjakta som eit knust speil.

[1] 20.7 mrd kr; <http://www.statsbudsjettet.no/Statsbudsjettet-2012/Satsinger/?pid=56515>

Generalforsamling

Journalist: Øyvind Stette Haarberg





Årets genfors var strategisk plassert fredag 20. april, også kjent som 4/20, dagen man feirer plantearten cannabis sine berusende effekter. Studenter i Abakus var allikevel samlet for årets viktigste vors: Genfors. Tidligere generalforsamlinger har dratt noe langt ut i tid, og hovedstyret håpet nok på en heller avslappet gjeng da tidligere omdiskuterte saker var satt på dagsordenen.

Blant forsamlingen på over 80 prikker kunne man se flere røde og blodskutte øyne, noe som kanskje var forårsaket av at generalforsamlingen startet hele to timer tidligere enn i fjor. Uansett så var det på tide med en maraton: Regnskaper og årsberetninger fra 2011 skulle gjennomgås.

Her hadde komiteene tydeligvis forberedt seg godt, da alle regnskapene og årsberetningene gikk glatt gjennom. Forsamlingen hadde få spørsmål til presentasjonene, annet enn en kommentar på slutten om at grafene var vanskelige å forstå. HS fikk noen spørsmål om sine mål og i hvilken grad de var blitt oppnådd, noe Jørund og Marte dyttet under teppet.

Det endelige strategidokumentet

Så var det klart for den store diskusjonen rundt statuttendringene. Den viktigstesaken var innføring av «strategidokumentet», som skal gjøre det lettere for hovedstyret å sette og følge langsiktige mål. Dette fører også til en økt erfaringsoverføring fra det gamle hovedstyret til det nye, ettersom gammelt og nytt HS nå sammen diskuterer framtidige mål. Forsamlingen sluttet seg om dette forslaget, og strategidokumentet ble vedtatt ved akklamasjon (alle klapper i hendene og så er det godkjent).

Gratulerer med dagen Hitler!

Så slo det meg. I dag er jo Hitlers bursdag!

Det er på tide at noen sier i fra. Her, i 2012 sitter vi og holder General Samling, forkortet genfors, og hva er dette om ikke en videreføring av nazismens monstrøse raseidealer? Genfors? Fors for de som har riktige gener? Og hvorfor skulle det hete General Samling, annet enn å trekke assosiasjoner opp mot Nasjonal Samling? Det verste av alt er at under GS så kommer det et forslag til ny logo, som er «ren» og «simpel». Gjett hvilke farger denne logoen er i? Jo, hvis du tippet på de nazistiske fargene rødt, svart og hvitt så har du rett.

Dette har gått for langt. Nå må vi sette ned foten før vi begynner å utrydde andre linjeforeninger. Og midt under alt dette foreningistiske pratet kommer det forslag om å øke «Halleluja»-stemningen for å være med i Abakus. Hvorfor det? Fordi vi er de beste. Er det bare jeg som reagerer på denne propagandaen? Når man ser Abakus-studenter gå rundt uniformert etter enten arbeidskomite eller bare har på seg hettegenseruniformen, føler ikke andre mennesker uro for hva vi faktisk er på vei mot?

Sultkatastrofe

Er Abakus på vei til å bli et fjerde rike? Matpausen tyder ikke på det, vi befant oss snarere i den tredje verden. Man kan forstå at det er vanskelig å beregne nok pizza til en sulten gjeng med studenter, spesielt på en dag som 4/20, men man kan da tenke seg at studenter vil ha mer enn 2 stykker pizza hver. Heldigvis kunne prikker plaget av munchies trøste seg med et variert utvalg av kaker, så folk forble positive til tross tilstander som minnet om utsulting.

«Simpel» logo

PR hadde lært av forrige års logofiasco, og kom til denne generalforsamlingen godt forberedt med en grundig presentasjon.

De gikk igjennom kostnader ved innføring av ny logo, hvilke effekter det ville ha, og hadde laget en FAQ med sentrale spørsmål på forhånd. For en mer utfyllende diskusjon rundt den nye logoen, se artikkelen side seks og syv i denne utgaven. Uansett ble den nye logoen godkjent med klart flertall. Forresten PR, sjekk ordboka neste gang dere bruker «simpel» som adjektiv, da det ikke betyr enkel.

Den nye føreren

Ørjan Bø Thygesen var den eneste kandidaten til lederposisjonen i Abakus. Selv om forsamlingen var møtt av kun den ene krigeren lot de ikke ham hvile av den grunn: En nøye utspørring av Ørjan ble gjennomført som tradisjonen tilsier. Etter dette krysforhøret ble Ørjan valgt som ny leder i Abakus. Vi i readme vil benytte denne muligheten til å ønske vår nye overherre velkommen.

Nestledervalg

Med fire ivrige kandidater til nestledervervet ventet forsamlingen sultne på en kamp til døden. Flere lette og vanskelige spørsmål ble kandidatene utsatt for, der min personlige favoritt var «Hvilket av Ørjans synspunkter er du mest uenig i?». For å bli valgt kreves det over 50 prosent av stemmene, og det ble dermed to stemmerunder før Emilie Engen stakk av med seieren i den tredje runden. Facebook-kampanjer kommer nok til å herje også i framtidige nestledervalg.

Æresmedlemmer

Hovedstyret valgte også å utnevne tre nye æresmedlemmer. Æresmedlem er den høyeste utmerkelsen vi har i Abakus linjeforening. De nye æresmedlemmene er Brage Strand, Anders Nordbø og Ingjard Sandhei. readme gratulerer!

LEMLESTET LOGO FORTELLER ALT

Det skjedde i de dager at det gikk ut befaling fra Hovedstyret om at alle i hele Data og KomTek skulle møte på generalforsamling. Denne forsamlingen ble holdt mens Jørund var foreningshøvding i Abakus. Og alle dro av sted for å la sin stemme bli hørt.

Journalist: Anders Wold Eldhuset

Symposiets største overraskelse var at PR presenterte en ny logo, at den ble godkjent av generalforsamlingen som foreningens nye varemerke og at hele prosessen varte under åtte timer. Men tenkte de egentlig på hva de gjorde, disse beslutningsglade barn av regnbuen? Hvilke forvirrede signaler famlet seg gjennom synapsene til Abakus' samlede intellekt da man valgte å erstatte kulerammen med en prikk?

For det er ingen tvil om at PRs éntestikulære produkt er en prikk, til tross for påstander om at det skal forestille en kule. Abaprikken ble presentert som både moderne og tidløs; simpel og stilren; blå og rød, god og ond. Men vi tar selvmotsigelsene med en knyttneve salt og beveger oss videre: Hva betyr egentlig en prikk? Er grafikerne gått hen og blitt filosofiske? Er Abakus bare en liten prikk i den store mengden av linjeforeninger, studenter, mennesker, planeter, galakser? Eller er vi kanskje et midtpunkt, et sjelens senter?

Abakus


En enkelt prikk representerer riktignok «A» i braille, men i morse ligger vi så vidt over stryk med en «E»; sies det at i de blindes rike er den enøyde konge? Hva har PR imot de blinde? Vet du hvem som også mislikte mennesker med fysiske handikap, så som de blinde? Nazistene. Bare så det er sagt (skrevet).

Til tross for alle de mangler og høyreekstreme konnotasjoner den nye logoen bærer på sine skuldre, skal du se at vi blir vant til den òg. Undertegnede ser også fordelen med å ha én logo å forholde seg til framfor to. Likevel er det litt trist at Abakus' identitet måtte amputeres med 50% da man skulle finne en arvtager for både den gamle, noe klønete fanepryden og dens sleske fetter, profillogoen (den du har sett). Fordi det er viktig å være løsningsorientert og dynamisk og agile cloud, vil skribenten legge fram to mulige løsninger på den lite tilfredsstillende situasjonen:

1. Abakus' offisielle logo vil for all framtid være en logo som vedkjennes neste generalforsamling. For å sikre en grundig prosess, hvor både tradisjon og grafisk profil overveies nøye, vil det være et krav at alle involverte parter tatoverer logoen på en valgfri kroppsdel med et preget areal på minst 16 cm².

2. «Logosaken» innføres som et fast innslag i hver framtidige generalforsamling, slik den har vært i nyere tid uansett. På den måten vil Abakus' logo til en hver tid reflektere dagens linjeforening, og ingen feilslått design vil leve for lenge.

Det er lett å se at disse er de eneste fornuftige løsningene på kontroversen rundt vår fantastiske forenings form og farge. Vi kan derfor vente å se en endelig løsning, slik enkelte komiteer innen Abakus vil gjenkjenne fra 1940-tallet, ved neste genfors.



Silikonbygda

Journalist: Johanne Birgitte Linde





Kvart år reiser 3. klassingane på ein trevekers ekskursjon ut i den store verda. I år var det endeleg min tur, og turen gjekk til USA og Silicon Valley for oss på data. Grunna jordskjelvet i Japan i fjor reiste også 4. klasse data til USA samtidig som oss. Me var dermed nærmare 150 abakuler klare til å utforske landet på den andre sida av dammen.

Reisa starta ein tidleg, regntung morgon i Trondheim. Etter ein mellomlanding i Amsterdam og 11 timar med fly derfrå, landa me endeleg på San Francisco flyplass, eller SFO som det stod på kartet. Sidan alle var heller slitne, og humoren ikkje var heilt på topp, var dette visstnok veldig morosamt.

Skaff deg rullestol

Så var det berre å kome seg gjennom immigrasjonen, noko som var lettare sagt enn gjort. Køen var enorm, og nokre indarar i rullestol fekk sleppe framfor alle oss som hadde venta ein stund. Så eit tips til deg om du skal til USA er at du bør skaffe deg rullestol, så vert du trilla forbi heile køen. Ein bør heller ikkje krysse av på det kortet ein får utdelt før immigrasjonen, om at ein bur på gard, slik som eit anna readme-medlem gjorde. Då må ein inn på eit eige rom og få vaska skoa, og resten av gruppa må vente ein ekstra halvtime.

Ciscos Matrixrom

Den fyrste veka var det lagt opp til bedriftsbesøk i Silicon Valley. Bedriftene me besøkte var Oracle, Innovasjon Norge, Yahoo og Cisco. Me var også innom Computer History Museum, der me fekk sjå alle dei datamaskinen som me har lest om i data GK. Hjà tre av bedriftene vart det haldt foredrag om kva bedriftene dreiv med, medan det hjå Cisco var lagt opp til ein tur rundt på ein liten del av campusen deira, med stopp i fleire interessante rom, til dømes eit der veggane var tapetsert

med over 300 skjermar og kamera. Me vart fortalt at spesielt under fotball-VM vart dette rommet mykje brukt. Dessverre fekk me ikkje lov til å ta bilete der. Synd, sidan dette var det desidert mest interessante besøket.

Sjå opp for kyr!

Bortsett frå bedriftsbesøk vart tida i San Jose nytta til shopping (alt var ekstremt billig i forhold til norske prisar), eit besøk på Stanford og ein fjelltur til det høgaste fjellet me fann i område. Dette var nesten 500 meter høgt, så me kom ikkje akkurat opp i skyene. Det som derimot var litt tøft, var at det var varselsskilt om flått, klapperslanger og kyr(!). Det stod mellom anna at dersom me trefte på ei ku, skulle me berre stå stille til ho hadde flytta seg frå stien; ho var ikkje farleg.

Billig øl

Etter ei veke i San Jose gjekk turen vidare til San Francisco. Her budde me på eit hotell som låg ganske sentralt, men omgitt av dei gatene med flest uteliggjarar i heile byen. Det var difor ikkje heilt tilrådt å traske rundt der på kveldstid. Likevel prøvde me oss på nattlivet, og det var spesielt hyggeleg å kunne kjøpe ein 12-pakning med øl for 13 dollar (heile 75 kroner), og stikke innom spritsjappa på veg heim frå fest klokka tre om natta for å fylle opp drikkelageret før nach.

Kom deg heim og lag barn!

Det var ikkje berre festing i SF. Mange av oss leigde sykklar og sykla til Golden Gate Bridge og vidare til Golden Gate Park. Der trefte me ein som hadde norsk mor og svensk far. Han skjønnte ikkje kva me gjorde i USA, og meinte at me berre måtte kome oss heim til Noreg så fort som mogleg, og starte med å lage barn. For Noreg tek i mot så mange flyktningar at dersom det framleis skal vere ordentlege, etnisk norske nordmenn om 200 år, var det viktig at me, dagens ungdom, fekk mange barn. Merkeleg å høyre dette frå

ein amerikanar, for kor mange etniske amerikanarar er det i USA i dag? Me prøvde å gje uttrykk for at me ikkje var einige med han i dette, men det drukna i monologen hans. Etter mange forsøk på å sykle vidare, kom me oss til slutt av garde, sjølv om han sikkert kunne snakka til oss resten av dagen.

Limousin og stripping

Etter nokre dagar i SF gjekk turen vidare til Las Vegas. Det fyrste som møtte oss då me kom ut av flyet, var speleautomatar. Elles var det eit skilt som synte retninga til taxi, shuttlebus og limousin. Det vart dessverre berre buss på oss til hotellet. Hotellet vårt hadde eige casino, fornøylespark med berg- og dalbane og to svømmebasseng. Dagane i Vegas vart tilbrakt ved bassengkanten, medan kveldane gjekk med til festing. Dei fleste kveldane kledde me oss opp i kjolar og dress, og drog på byen med stil. To dagar var det limousin til nattklubb, der den eine nattklubben låg i 55. etasje, med adgang til taket. I løpet av dansinga var det tre tilfeldige jenter som byrja å kle av ein av gutane me hadde med oss. Då han stod der utan skjorte, men med slips, vart han henta av vaktene og fekk beskjed om å reise tilbake til hotellet, då nakenheit er forbode i Vegas (men tydelegvis ikkje overalt, for mange av gutane hadde tidlegare på kvelden besøkt ei av dei mange strippeklubbane i Vegas, og der var jentene definitivt ikkje påkledd).

Heimreise :(

Siste stopp på turen var Los Angeles, der me budde på det pensjonerte cruiseskipet Queen Mary. Her gjekk dagane med til sløving på stranda Long Beach, bading i Stillehavet og ein øl eller ti på kvelden. Dessverre kom heimreisedagen alt for fort. Etter ti timar på flyet, ti timar venting i Amsterdam og halvannan time på flyet igjen, var me tilbake i Bartebyen. Alle var einige om at det hadde vore ein fin tur.

Gi meg en overskrift!

Jacksons pupp kan ende i høyesterett



Fyttikatta - dette må være verdens mest utspekulerte vekkerklokke ...

Døm selv. [Les mer](#)



Bikkjeslagsmål om Mostuen dyreklinkikk

Tirsdag må hun møte i retten [Les mer](#)



Rockehop i kakekrig med Harry Potter-stjerner

Livet smiler til norske «Grandma's Tea Party»

[Les saken og se video](#)



Her baller det på seg for Sevilla!

VG TV Pepret med tennisballer. [Se video](#)

Det er mange år og spaltekilometer siden noen først harselerte med tabloidenes trang til å bruke dårlige ordspill i overskrifter. Formålet med denne harseleringen var formodentlig å luke ut gjentatte forekomster av «Thor de France», «Hatt en flått sommer?», «ØnskerepRiise», «30 minus gir Kara-sjokk» og lignende, for å heve den generelle kvaliteten i tabloidnorges overskriftsfauna.

Journalistene ser ikke ut til å ha tatt hintet. Det er fortsatt slik at om man i et svakt øyeblikk mellom slagene på lesesalen skulle gjøre tabben og dumpe innom en nettaviser, står overskriftene der som digre, flau bannere og bærer en journalists fattige eureka fra da han oppdaget det bittelille fosteret av et ordspill han kunne utnytte i et forsøk på å fornøye sine lesere. Ikke bare dét, overskriftene lokker også stadig oftere med falske frukter.

Harry Potter-stjerne, sier du?

Av overskriften «Rockehåp i kakekrig med Harry Potter-stjerner» skulle man kanskje tro at John Olav Nilsen og kameratgjengen hans hadde hyttet med nevene mot Daniel Radcliffe og Rupert Grint i nærheten av et konditori. Kanskje gir artikkelen et utdypende referat om matkrigen som utspilte seg da Alan Rickman og vokalisten i Honningbarna ble tatt med buksene nede av Rickmans elskerinne, Maggie Smith, under en kakekonferanse? Eller kanskje Emma Watson har spilt inn en erotisk reklamefilm for Findus nye «Fiskekaker på 1-2-3 – tilsett kun 500g torskl» sammen med Atle Pettersen? Uansett tilfelle er det fristende å klikke for å lese mer.

Gjør man dette, finner man raskt ut at saken egentlig handlet om en musikkvideo til et relativt ukjent norsk band, hvor «skuespillere som har vært statister i Harry Potter og Sherlock Holmes» var med. Med andre ord en smule mindre sensasjonelt enn min tankerekke forespeilet meg. Hvordan er det forresten å være statist i Harry Potter? Må være grusomt ubehagelig for mister Radcliffe...

«Jacksens pupp kan ende i høyesterett»

Et nakent kvinnebryst i en vitnebok, en svergende brystvorte på en Bibel. Dette er festlige bilder, men sorry VG, deres foruroligende fetisjer blir nok neppe oppfylt med det første. Og jo lengre tyngdekraften får gjort sitt virke, jo mindre delikat blir nok utfallet i denne saken.

Den observante leser husker kanskje at [readme](#) sine forsider forrige vår forkynte både «AmsterDAMN» og «Hvordan g'Åre?». Den kritiske leser vil kanskje påstå at [readme](#) ved å trykke en artikkel som denne, dermed på sett og vis bæsjer litt på sin egen legg? Til det kan vi bare si at det er forskjell på ordspill. Noen er gode. Noen er dårlige. Våre er gode. Dine er dårlige. Dessuten er det jo ikke sikkert observante lesere er spesielt kritiske og vice versa.

Vi vet at det er mange av dere toppjournalister i landets aller beste aviser som leser hver utgave av [readme](#) svært inngående. Og dere gjør det for å plukke opp oppfordringer som denne:

Kjære tabloidjournalister,

Hvis dere absolutt skal prøve å være morsomme, prøv litt hardere, vær så snill? De siste 4 årene har kun én av dere klart det, én gang. Gjør som Halstein Røyseland; skriv om penismuseer og dets medlemmer.

Takk.

Penismuseum får nye medlemmer

Publisert 21.05.08 - 18.38. endret 22.05.08 - 09:22 (VG NETT)

Av [Halstein Røyseland](#)



Bibelsk babbler

Man blir ofte fortalt at tekster i Bibelen ikke skal tolkes bokstavelig. Noen ganger later likevel budskapet til å opptre så klinkende klart at det er vanskelig å se i hvilke andre retninger man kan tolke det. Dette er definitivt tilfelle i denne utgavens bibelvers:

¹¹Når to menn kommer i slagsmål, og konen til en av dem kommer løpende for å hjelpe sin mann, og hun rekker hånden ut og griper den som slår ham, i kjønnsdelene, ¹²da skal du uten skånsel hogge hånden av henne.

Femte Mosebok 25:11-12

Det andre som slår meg når jeg leser dette er at Bibelen virkelig er et undervurdert oppslagsverk når det er definert hvilke sanksjoner en såpass omhyggelig beskrevet og usedvanlig situasjon fører til.

Det første som slo meg, for deg som lurte på det, slo meg på grunn av et argument som ofte brukes når Bibelen diskuteres. «Historiene som fortelles i Bibelen er fra en helt annen tid enn vår.» Og takk Gud (tja, hvem ellers?) for det! Slike hendelsesforløp hadde riktignok gjort seg som TV-underholdning, men det er en vesentlig hake. Dersom koner til stadighet skal få sine hender avkappet, hvordan skal da maten finne veien til bordet?





Eksamenslesning

Alt tilseier at det å jobbe jamnt gjennom heile semesteret er det beste. Soklart. Men kva gjer du om du har prioritert alt det andre og no, ei veke før eksamen tenkjer «Kva i helvete gjer eg no?» Jo, du les denne artikkelen.

Forfatter: Tomas Albertsen Fagerbekk

Sov godt og sov nok

Søvn har stor effekt på hugsen. Dersom du har lest og lært mykje, vil hjernen ha behov for meir søvn enn vanleg. Hugs å ikkje strekke døgnet, du får ikkje lært fortare av å presse inn pensum på natta, istadenfor på morgonen.

Kvil ut

- Ikkje les når du burde sove
- Nei til kaffe etter middag
- Ha ein jevn døgnrytme
- Nei til alkohol

Et og et bra

Som ein student kan det godt vere at du har ein ujevn døgnrytme, lite struktur, og et mat nærmast berre når Abakus arrangerer bedpres. Men no som det eksamenstid, bør dette ikkje lenger vere normen. Kva mat du har fått i seg, har ikkje berre effekt på korleis du følar deg, men også kor godt du lærer. Et frukost (eg skal ikkje nemne at det er dagens viktigaste måltid, for det er berre klisjé), ta deg ein frukt og ikkje hopp over måltid. Vert du tørst, hadde du hatt godt av vatn tidligare, so ta med deg ei vannflaske. Vitaminer – spesielt B-vitaminar, antioksidanter og omega-3 har vist effekt på kor godt hjernen fungerer. Fem om dagen, fisk og mjølkeproduktar er derfor fine levereglar å følgje no. I tillegg er treige karbohydratar flott for å halde energinivået opp over lengre økter. Du treng ikkje planlegge alt so nøye, du treng berre ein god handleliste når du er på butikken.

Ernæring

- Et frukost!
- Ikkje hopp over måltid
- Ha ei vannflaske
- Bruk ei god handleliste!

Arbeidsmetode

Det kan vere enkelt å sei at i morgon, då skal eg starte å lese. Men hugs at planlegging er viktig, motiverande, og treng ikkje ta lang tid. Skal du starte i morgon, sett opp ein plan i dag. Bruk kvelden til noko anna enn studier, gjerne trening; fysisk aktivitet hjelp hukommelse! Ikkje førestill deg at du skal jobbe 8 timar i strekk, men ta pauser. Oddbjørn By, vinnar av NM i hukommelse(!), seier at istaden for å arbeide ein time i strekk, er det er mykje betre å jobbe 50 minutt og repetere dei siste 10. Avslutt økta med å slappe av på senga (utan å gjere noko), lage kaffe eller eit måltid, før du returnerer 20 minutt seinare.

Arbeid smart

- Planlegg, og hugs at du må ta pausar
- Ikkje les heile dagen
- Det er for seint å lese heile boka
- Bruk postits for å oppsumere tema
- Lærer du noe nytt, notér det
- Ta eksamenar
- Lag quiz
- Teikn tankekart

Handleliste

- Fisk og kjøt
- Mjølkeprodukt
- Pasta og brød (grovt > fint)
- Frukt og grønnsaker
- Kaffepulver

Leseteknikk: Les raskt

Problemet med lesing er at det ofte går so sakte at du får tid til å tenke på andre ting, som kva du skal ha til middag eller gjere seinare. Ved å lese raskare vert du mer konsentrert, fordi tempoet tving deg til å følge med.

Det er i alle fall påstanden til Oddvar By, som står bak sida lynlesing.no, der du kan øve deg på å lese raskare (medan du les pensumet ditt!)

Hugseteknikk: Et sær mat

Hjernen din koplar saman dei inntrykka som skjer samtidig. Dersom du et granateple kvar gong du løyser oppgåver i systemutvikling, vil du assosiere dette med faget og oppgåvene du les. Du vil då prestere betre på SU-eksamen om du et granateple samtidig. Mat du sjeldan et, vil enklare kunne koplast til eit fag, fordi det ikkje allereie er «belasta». Til dømes kan du kople valnøtter og KTN, eller tunfisk og matte 3 (Fight fire with fire).

- Et noko sært medan du les.
- Vel ein eller to matvarar for kvart fag.
- Ta dei med på eksamen.

Hugseteknikk: Reiseruta

Reiseruteteknikken er den mest brukte hugseteknikken i konkurransar, og er god for å huske til eksamen, presentasjonar og liknande. Den går ut på å sjå for seg ei reiserute i kjente omgjevnadar, til dømes IT-bygget eller barndomsheimen. Deretter plasserast gjenstander, temaer eller ord i dei ulike romma, slik at du kan koble det du vil lære til det du allereie kan. Forfattaren har ufrivillig lært seg dei 10 største landa i verden på denne måten, det gjekk overraskande(!) fort.

Tenk på huset der du vaks opp. Skriv ned eit tenkt reise gjennom huset.

1. Vindfang 2. Gang 3. Mitt soverom osv. Lag di eiga reise på minst ti rom. Rekkefølga på romma skal vere so logisk som mulig. Når du har laga reiseruta kan du tenke gjennom den, so du er trygg på rekkefølgen.

Hugs orda

Det første ordet er brannhydrant. Sjå for deg ein brannhydrant på det første området. Røysle gjer det lettare å visualisere, so kanskje sprutar det vatn ut av brannhydranten.

Det neste ordet skal du sjå for deg på det andre området, det tredje ordet på det tredje

området og so vidare. Det er best å memorere utan å sjå på den nedskrevne reiseruta.

Dei ti orda du skal hugse er: Brannhydrant. Helikopter. Litteratur. Bær. Bord. Karbonade. Nisse. Oksygenmaske. Flue. Neonskilt. Repeter gjerne en gong – ved å sjå for deg ordene gjennom reiseruta endå ein gong.

Ta blikket bort fra artikkelen og skriv ned ordene du ser på kvart område.

Du har no memorert assosiasjonar til dei ti første grunnstoffa. Nemlig hydrogen, helium, litium, beryllium, bor, karbon, nitrogen, oksygen, fluor og neon.



readme flørten

Navn: Snorre Lothar von Gohren Edwin
Alder: 24
Sivilstatus: Singel
Høyde: 194cm
Lengde: long |-----| = 2147483700L
Vekt: 104kg

Hva må en jente gjøre for å kapre hjertet ditt?
Hun må vise interesse og gi en innsats.

Hva er ditt personlige forhold til stedet du har blitt fotografert?
Har pleid å trene her etter en endt joggetur.

Deltar du på ludøl neste år også?
Ja, men ikke som deltaker.

Kan du dele treningsopplegget ditt med resten av Abakus?

Spis sunt, løp 2-3 ganger i uken og løft resten. Legg gjerne inn litt egenvektløfting etter løping. Eventuelt ta kontakt med meg så gir jeg tilgang til dropboxfolderen min.

Hvem er ditt modellrollebilde?
Markus Schenkenberg.

40 Ting du bør vite som siving

Spam

redaktør

tomas albertsen fagerbekk

Begrepet spam tok over for flooding og trashing i tidlige fleirbrukarsystem på nett som BBS og chatterom i tidlig 80-talls, der til dømes fans av Star Wars ville spamme kanalane til Star Trek fans med ASCII-teikningar, før det etterkvart også invaderte Usenet-gruppar og e-post. Men kva er det, korleis gjer ein det, og har det ei framtid?

I tillegg til å vere eit kjøttprodukt definerer Oxford Dictionary spam som «irrelevante eller uynskja meldingar sendt over Internett, typisk til ein stor mengde brukarar med hensikt å avertere eit produkt, spreie ondsinna programvare eller fiske etter informasjon». Sjølv om det etterkvart har vorte mest assosiert med uynskja e-postar, omfattar det altså mykje meir – frå junkfaxing (sic) til å utnytte sosiale nettverk som Facebook.

FUCK OFF!

Eg hatar å få reklame i posten, ikkje berre forbi det vil seie at nokon har komplett oversett klistermerke som seier «UADRESSERT POST – FUCK OFF!», men også fordi det er ein påminning om at å sende ut drittpost framleis er økonomisk berekraftig. Det samme gjeld spam; sjølv om inntektene er svært låge per utsendt melding, er kostnadane endå mindre. Sidan det også er vanskeleg å halde dei som sender ut ansvarlege for eventuelle lovbrøt, vert fristelsen for å tjene kjenne slantar fort for stor.

Big bucks

Den største varen å tjene pengar på i søppelpost-bransjen er kjøp og salg av e-postlistar. Medan dei tynnaste listane kostar småpenger, sel mellom andre Fairfax Marketplace e-postlister med tilhøyrande namn og annan info til omlag 5 kr pr. namn. Listene kan brukast til dømes for å lage og selge profileringspakkar: ein sel ein



trafikkgaranti til ein bedrift, og spammer brukarar med reklame. Dersom du søkar etter nøkkelord som website, advertising, cheap i ein søkemotor vil du kome over fleire sider som gjer nettopp dette, og sel besøk til di side for ein hundredel av kva Google Ads tar. Då er det vanskeleg å tru at desse har alt sitt på det reine.

Det er fleire måtar å bygge opp i ei slik liste. Ein av dei er å kjøpe informasjon frå ei bedrift. Ei hvilken som helst (i utgangspunktet legitim) verksemd eller deira ansatte, kan verte freista til å selge informasjon om dei registrerte brukarane. Dersom databasen er stor, kan det fort vere snakk om fleire tusen kroner. Tilsvarande er det nettstader eller e-postlistar som er satt opp med dette som hovudhensikt. Informasjonen kan òg skaffast på meir offensiv metode som å cracke databasar eller nytte malware. Ein annan vanleg måte å skaffe e-postar på er med web crawling, automatiserte dataprogram som leiter etter adressar på Internett.

Dramatisk nedgang i antall spampost

Spam vart eit alvorlig problem omlag midt på 90-talet, då Internett vart allmennseige, og vaks deretter fort – spesielt for søppel-e-post. Anslag, både på mengde og utgifter, spenner seg over eit vidt spekter, men av dei som er hyppigst sitert er EUs anslag i 2001 som estimerte en kostnad på 10 milliarder euro årleg på verdsbasis. Ting kan heldigvis tyde på at mengden spam og utgifter er på veg ned.

Gmail rapporte at omlag 80 % av alle e-postar sendt til deira adresser i 2008 var spam, medan det no ligg på ca. 50 %. Cisco Annual Rapport 2011 rapporterte 124 milliarder daglig sendte spam i november 2011, mot 379 milliardar i august 2010, ein nedgang på heile 67 %.

Kvifor denne nedgangen? spør du. Svaret er truleg at det lønner seg mindre enn før. Etterkvart som fleire har fått meir erfaring med Internett og e-post, forsvinn naiviteten, og ein lavare andel av spam e-post gjer uttelling. E-postfiltera har vorte betre, og det er ikkje like lett som tidlegare å kome rundt dei. Samtidig har mengden med utnyttbare e-postserverar (som open mail relays) vorte mindre.

Brukarar er dumme

Nettkriminalitet ser ut til å minke i kvantitet, men dette er truleg berre ei utvikling frå hagle-framgangsmåten til meir gjennomtenkte og fokuserte metodar. Istaden for å sende ut e-postar i milliardtal og satse på at nokre tusen vert lurt, vert det meir sofistikert. Frå Cisco si rapport: «Nettkriminelle si aukande preferanse mot bruken av lav-volum, spesifikt retta angrep som spearphishing [...] og den aukande bruken av skybaserte filløysingar er også eit aukande potensial for at data blir stelt eller kompromittert». Då vert millionkronerspørsmålet: Kva nye teknologiske løysingar kan vi kome opp med for å kjempe mot dette? Vi kan jo stole på at brukarar er dumme i framtida også.

30 Ting du ikke bør vite som siving SPAM

redaktør

tomas albertsen fagerbekk

I år er det 75 år sidan SPAM vart introdusert av Hormel Foods Corporation. Sidan den gong har det vorte kjent utenfor sitt heimland, USA, mykje på grunn av dens utbreiing under og etter andre verdskrig, samt gjennom Monty Pythons kjente sketsj, «SPAM». readme kjøper ein liten kilo av denne ikoniske substansen, steller i stand et festmåltid(?) og forsøker å føre katta med det!

Året var 1937, og Hormel Foods gjorde god butikk på å selge hermetisk skinke. Men ein var då, slik som no, alltid på utsikt etter nye prospekt. Kjøtet på skuldrane til grisen var ein naturleg stad å starte, då det var lite populært kjøt og difor rimeleg. Resultatet var Hormel Spiced Ham, som kort tid seinare skulle få namnet SPAM. Namnet er anten kort for «Spiced Ham», eller fra «Shoulders of Pork and Ham»; sidan namnet kom opp på ein nyttårsfest (der ein fekk ein drink per forslag) er det ingen som veit sikkert. Det var eit rimeleg, hermetisk kjøtprodukt som kunne halde seg svært lang tid – so lang tid at ifølgje Hormel kan den vare evig(!) om den berre blir oppbevart riktig. Dette var også grunnen til den vart veldig populær som proviant og nødhjelp under og etter andre verdskrig.

I dag er SPAM solgt i nærare 50 land, og har komen i monge utgåver. Vi skal ikkje nemne alle, men Spam Hot & Spicy, Spam Less Sodium, Spam Fried Rice, Spam Oven Roasted Turkey, Spam Hickory Smoke flavor, Spam Spread, Spam with Bacon, Spam with Cheese, Spam Garlic, Spam Golden Honey Grail(!), Spam Mild, Spam Hot Dogs, for ikkje å nemne Spam Lite – Crazy Tasty er nokre av dei vi kom over. Vi har vore tradisjonelle, og valgt å teste den originale Spam Classic.



